



Unghingstane fekk 1800 kroner i premie

Eit ungdommeleg lag som kalla seg Unghingstane gjekk i kveld til topps med 5 poengs margin i det fyrste av 2 påskequizoppgjer i Uskedalen. Det deltok 19 lag eller rundt rekna 120 kunnskapsrike påskegjester og fastbuande og tevlinga svara godt til mottoet for Systrene Nilsen.

Det er STEMNING I SJØKANTEN.

Stemningen var svært høg og avviklinga smertefri og kvikk.

Faktisk kunne det ha vore dobbelt så mange lag. 20 måtte avvisast då det ikkje var plass til fleire.



Husnesingane som tok andreplassen men som også hadde ein uskedeling med. Sveinung M. Pile sit til høgre.

Quiz-interessen held seg oppe i kommunen, det vart også bekrefta på Handeland her om dagen der 140 var med.

Bjørn Sture Hillestad var leiar også denne gongen og gjorde det med bravur. Han er profesjonell og gjer akkurat så mykje ut av oppgåva som trengs. Der er det ikkje mykje tomprat.

Spørsmåla innan kategoriane sport, musikk, lokal, geografi (fotos) og ditt og datt var krevjande nok til å skilja klinten frå kveiten.

Dette er vinnarlaget: Espen Mathisen, Oslo, Fritjof Lyse Falk, Omvikdalen, Bjarte Magnussen, Bergen, Vegard Døssland, Uskedalen, Aleksander Rebaudo, Uskedalen og Johan H. Lyse, Uskedalen.

På andreplassen kom laget Husnesbanden med 5 husnesingar og ein uskedeling: Sissel Wiedenmann, Sigrid Bjelland Mathisen, Inge Knudsen, Bjørn Bjelland Mathisen, Axel Wiedenmann og Sveinung M. Pile.

Dei tio laga fekk 68 og 63 poeng og så kom desse:

3. Nesjarane 61
4. Skorpo quiz og kvass 60
5. Reservert 54
6. Ponus 48
7. Leif & kompisane 47
8. Klara oss utan 46
9. King Kenny 42
10. Knoll og tott 41
10. Anita 41
12. Småland 36
13. Den siste mohikanar 36
14. Oss på scenen 35
15. Wikipedia 34
16. Rabben Camping 33
16. Utflyttarane 33
18. The Scooby gang 29
19. The Cupcakes 17

Og laurdag kjem turen til Dønhauglåven. Der er det plass til langt fleire....

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Bjørn Sturle Hillestad var suveren programleiar igjen